

RETNINGSLINJER FOR BØMLO UNGDOMSRÅD

Revidert utgåve 2019

1. Ungdomsrådet i Bømlo kommune heiter Bømlo ungdomsråd, og kan kortast til BUR.
2. Føremålet med ungdomsrådet er mellom anna:
 - å fremja ungdommane (8.kl – 19 år) sine interesser i deira miljø
 - å styrka og hjelpa barn overfor beslutningsprosessane i kommunen
 - å vera høyringsorgan i dei saker som vedkjem dei unge.
3. Varaordføraren er BUR sin politiske fadder.
4. 2 medlemmer frå BUR har uttale og forslagsrett i:
 - kommunestyret
 - formannskapet
 - andre råd og utval
5. Ungdomsrådet avgjer sjølv kva type saker dei ynskjer å handsame.
6. BUR skal ha 10 medlemmer med personlege varamedlemmer.
7. Medlemmane skal då veljast slik:
 - 2 medlemmer frå kvar av ungdomsskulane (helst ein av kvart kjønn)
 - 2 medlemmer frå kvar av dei to vidaregåande skulane RYS og BVS
 - det skal for alle medlemmane veljast personlege varamedlemmer
 - medlemmer og varamedlemmer vert valde for 2 år
 - det skal haldast val 1 gong i året.
8. Dei vaksne medlemmane (politikarane) har uttale og forslagsrett i rådet.
9. BUR skal følgja skuleåret. Medlemmer med personleg vara, skal meldast inn til ungdomsrådskontakten innan 1. september.
10. BUR konstituerer seg sjølv ein gong kvart år, på fyrste møte i september. Det skal då veljast:
 - leiar
 - nestleiar
11. Rådet skal ha minimum 6 møter, fordelt på 3 kvart halvår.
12. Det skal vera 6 medlemmer tilstades for at BUR skal kunne gjera vedtak.
13. Ved likt stemmetal har leiar dobbeltstemme. Dette gjeld ikkje ved personval, som skal vera skriftelege.
14. Møteinnkalling skal sendast ut 7 dagar før møte.
15. Ungdomsrådet avgjer sjølv kva tid og kor møta skal vera.

16. Den som flyttar frå kommunen kan ikkje halda fram som medlem i rådet.
Varamedlem stiller då som representant fram til neste val.
17. Det er høve til å søkja om fritak frå vervet ved sjukdom eller andre årsaker som gjer at vedkommande ikkje vidare kan ivareta oppgåva som rådsmedlem.
18. Møteinnkalling, møtebøker og dokument som vedkjem BUR skal arkiverast hos Bømlo kommune.
19. Valde representantar har rett på opplæring. Det skal enten skje ved interne eller eksterne kurs hos vaksne politikarar.
20. Er eit medlem ugild i ei sak, plikter denne å melde frå om dette til rådet før saka vert handsama.
21. Rådet kan kalla inn personar frå administrasjonen eller politikarar om dei ynskjer det.
22. Leiar i rådet leiar møta. Ved forfall trer nestleiar inn som leiar.
23. Rekneskapen til BUR skal førast som del av kommunen sitt rekneskap.
24. Det skal kvart halvår setjast opp møteplan for rådet.
25. Medlemmane får dekka møtegodtgjersla, til sats som til ei kvar tid er sett av kommuneadministrasjonen.
26. Medlemmane får dekka reisekostnader i samband med møte i rådet.
27. Ungdomsrådskontakten skal:
 - vera rådet sin kontaktperson i kommunen og informera om saker som kan vera av interesse
 - senda ut møteinnkalling, skriva referat frå møta og arkivera post til rådet
 - ha ansvar for rådet sin kontinuitet (val og liknande)
 - sjå til at vedtak som vert gjort vert sett ut i livet
28. Møta skal vera opne for publikum, men rådet kan på lik linje med andre politiske utval handsama saker i lukka møte når det er ynskje om dette, og det er høve til det i lovverket.
29. Ungdomsrådet kan ikkje løyva midlar til arrangement der det skal serverast alkohol.